

# Årsmelding for Herand Bygdelag

## 2017

### 1. Styre

Etter årsmøtet 26. mars 2017 har desse vore med i styret:

- Styreleiar: Gunnar Dalseth
- Nestleiar: Marit Huus fram til 13.06.17, deretter Una Eiken
- Kasserar: Lars Sævarhagen
- Skrivar: Kaia Gulbrandsen
- Styremedlemmer: Kenneth Vikane, Marit Huus - Marta Samland (frå 13.06.17), Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken. Varamedlemmer: Marta Samland (styremedlem frå 13.06.17), Sigmund Eiken, Jan Tore Huus og Birte Torgersen.

Av desse er Gunnar Dalseth, Kaia Gulbrandsen og Kenneth Vikane valt for 2 år.

Erik Sølve Hansen har hatt vervet som rekneskapsfører.

Styret har hatt 11 ordinære styremøte. I tillegg har det vore ulike gruppe- og komitemøte.

Kenneth Vikane har representert Bygdelaget i Herand Omsorgsbustader AS og Herand Oppgangssag. Sigmund Eiken har vore ansvarleg for bygningsmassen og administrert utleige. Sverre Haugen har styrt Båtbyggjarmuseet. Kaia Gulbrandsen er i bladstyret for Herand Bygdeblad, og Sigurd Johannes Traa har vore ansvarleg for publisering på nettsida herand.no. Una Eiken er styret sin representant i Landskapsparkgruppa, Marna Roer leier denne. Gunnar Dalseth er med i styret til Jondal Frivilligsentral, der Bygdelaget er andelseigar.

### 2. Aktivitetar og arrangement

Styret arrangerte eit *koordineringsmøte* for alle lag i byda 24. januar for å leggje planar for året. Det arrangerte og eit *oppsummeringsmøte* etter turistsesongen 19. september. Styret har og vore representert ved andre viktige møte og samlingar i bygda og kommunen, mellom anna infomøte om Hardangerstiftinga 26.01, årsmøte Jondal Frivilligsentral, kursrekke (4 kurs) i styrearbeid i regi av Jondal Frivilligsentral.

I årsmøtet 2017 vart *vedtektene* til Herand Bygdelag revidert og nye vedtekter godkjent.

*Herand Bygdeblad* kom ut i fire nummer i 2017 og har om lag 300 abonnentar. Mange av desse bur utanfor Herand og Jondal, og bladet er tydeleg ein formidlingskanal til folk som har flytta ut av bygda. Vi takkar bladstyret – Kaia Gulbrandsen, Sarah Marie Røstbø, Ingrid Stranden Haavik og Reidun Haugen Dalseth for å ha lagt ned mange arbeidstimar på dette!

*Matsal og kjøkenet* i kulturhuset; det vart kjøpt inn eit stort, dobbelt kjøleskåp i staden for å byggje kjølerom. Div kjøkkenutstyr er innkjøpt. Bakrommet som var tenkt til utleige er tatt i bruk som ein del av kjøkenet, der står ma kjøleskåp. Kjøkkenavdelinga har vore brukt til koking og servering til besøksgrupper, privat utleige som konfirmasjon, jubileum, bryllaup og felles arrangement for bygdas folk.

*Båtbyggjarmuseet* – maling av naustet vart grunna mykje dårleg ver diverre ikkje gjort. Me har fått kr. 54.000,- frå Hardangerstiftinga til fullføring av takreperasjon og div vedlikehald/måling.

Bygdelaget gjennomførte den årlege *bygdedugnaden* 29. april, som vanleg med svært god oppslutning frå bygda. Sidan Kulturhuset denne laurdagen var utleidd til eit privat jubileum, vart det utført dugnad der og på hellerissfeltet laurdag 22. april. Takk til alle som møtte på dugnadsdagane! Dei to toaletta i leskuret er fjerna og fungerer som utebod. Det er sett inn eit nytt toalett i leskuret og eitt i inngang til kjøkkenet. I juni vart grunnmuren på den gamle delen av Kulturhuset pussa og malt på dugnad. I oktober var det ryddedugnad på Herand kulturhus.

*Herandshelg*: Denne vart arrangert same helga som jonsok, 23. – 25. juni. Det var tradisjonell jonsokfeiring på fredag 23. med eigen komite. Veret var ikkje bra. Laurdag var det opning på skulen med foredrag av Bård Gram Økland, som fortalde levande om dampskips- og postfrakten i Herand. Etterpå var det ulike aktivitetar sentrert rundt kulturstien med hjelp av Luren 4H. På Vassel Gård var det kafe, steiking av mjelkekaker, dreining av trevarer av Arne Mælen og grilling. Sundag var det som vanleg gudsteneste på bedehuset med kyrkjekaffi på Tveiten.

*Herand Bygdelag 20 år*; vart markert med fest på Herand Kulturhus laurdag 28.10.17. Festen starta med program i gymsalen opna av Herand Musikklag. I tillegg spelte Anne Valborg Tolaas og Solveig Marie Huus. Luren 4H viste skodespelet «Reveenka». Margreta S. Eiken fortalte om store og små tiltak gjennom dei siste 10 åra, framført med bilete. Til slutt fekk me «Eit musikalsk humorshow» med vossingen Sjur Hjeltnes. Så vart det servert laks, hjortegryte og jubileumskake i den nye matsalen. Der var og taler og utdeling av gåver. Så kunne dei som ynskte det, svinge seg i gymsalen til musikk av «Scenaskrekk». Takk til alle som tok eit tak og som var med å jubilere!

*Liv og Lyst*; Ei eiga gruppe har arbeidd med dette opplegget for å få fram nye idear i bygda. På den eine sida har det vore vanskeleg å organisere dette, men når vi ser tilbake på året er det faktisk gjort ein del. Næringskafe på Vassel samlar ein del folk i samtale rundt lokalt næringsliv. Trond Vikane har gjort eit stort arbeid med å organisere og gjere tilgjengeleg mange stadnamn i bygda. Andre idear som t.d. nye nettsider har vorte utarbeidd som ein kombinasjon av Liv og Lyst-gruppa og styret i Bygdelaget. Vi har ikkje søkt om nye midlar for 2018, men vil halde fram i nettverket på fylkesplan og vere med på inspirasjonssamlingar og vurdere om det er initiativ nok til å søkje om eit treårig prosjekt frå 2019.

*Bygdekafe*; det har ikkje vore bygdekafear dette året.

*Opplagsplass for tømmer*; i samband med uthogst av tømmer, søkte fleire grunneigarar om å få bruke plassen utanfor kulturhuset til opplagsplass for tømmer. Etter ein del dialog mellom styret og grunneigarar, vart tiltaket gjennomført.

*Herand.no*; fleire tilbod på nye nettsider har blitt henta inn. Det vart vedteke at Marna Roer lager nye nettsider i systemet Wix. Sida Herand.no vert for fastbuande, medan sida til landskapsparken primært vert for turistar/besøkjande.

*Ny butikk* i bygda; Bygdelaget tok initiativ til å setje ned ei gruppe som skulle jobbe med å få ny butikkdrift i Herand etter konkurs i Herand Landhandel. Ove-Henning Bjørsvik vart engasjert som partner til å byggje opp butikken. To folkemøte vart helde på kulturhuset, 25.09 og 19.12. Bygdelaget samla inn midlar frå folk i bygda som skal investerast i butikken.

*Bygdelagsbasaren* 29.12; Sal av lodd på bok og åresal, me fekk inn kr 42.116,-

*Andre større arrangement* med separate komitear er 17.maifeiring og jonsok. Elles kan nemnast tenning av julegrana i båthamna, klargjering av helleristningsfeltet, og utdeling av blommar – og gratis

abonnement på bygdebladet – til nye innflyttarar. I løpet av sommaren tok styremedlemmene tårn med å vatne blomar og tømme søppeldunkane på fellesområda i bygda.

Bygdelaget leiger *badestranda* av Berit og Haldor Tuvin. Dette er ein viktig uteplass for både bygdefolk og besøkande i sommarhalvåret.

## **Årsmelding for Landskapsparkgruppa i Herand for 2017**

**Guiding:** Landskapsparkgruppa tok imot 4 bussar for guiding i 2017. Dette gjev kjærkommen inntekt til Kulturhistorisk senter, som er avhengig av litt inntening for å kunne haldast ope om sommaren. I tillegg har guiding for bussane gitt dugnadsløn til ein del folk for omvising på Båtbyggjarmusèum, Krambua, guiding langs folgefonna halvøya, kaffi og lappasteiking mm. Sal av middag har det òg vore, frå Kulturhistorisk senter og hos Arne Mælen i Kulturgalleriet.

**Kulturhistorisk senter:** Besøkstalet utanom bussane har ikkje vore stort nok til å kunne løna utstillingsvakt ein god månad om sommaren. I tillegg til dei ordinære opningstidene er me fleire som opnar for folk som vil inn og oppleva «Herand gjennom 9000 år». Opningstider og prisar + kontaktinfo vert oppdaterte på [www.herandlandskapspark.no](http://www.herandlandskapspark.no) ved endringar. I 2017 var det om lag 100 «frie» besøkjande, og 250 som kom med bussar og fekk utstillinga med som ein del av eit guida opplegg i bygda.

**Kulturstien:** Me har bytta ut skilt i stien så dei har meir eins nemning. Det har vore slått i kulturstien eit par gonger i sesongen for å rydda unna brennensla og å tydeleggjera stien. Det har vore hengt opp att skilt som vert trakka ned av kyr mm. men det er ei ganske håplaus oppgåve. Det er kanskje minst like viktig at det blir slått ein sti tidleg i sesongen og at den vert tydeleg utover sommaren når mange har teke turen. Det vart elles gjort godt dugnadsarbeid av bygdafolket i april!

**Oppslagstavla i båthavna og på kulturhistorisk senter:** Me vil gjerne samla informasjon om attraksjonar og overnatting mm i Herand på tavlene. Me er ikkje nøgde med sånn det vart i 2017, men treng òg å få plakatar frå dei det gjeld. Her gjekk me nok litt på «tomgang» både på grunn av været og manglande plakatar inn.

**Film om båtbyggingstradisjonen i Herand:** Dette er nok det største prosjektet me har halde på med i 2017. Merethe Offerdal Tveit vart hyrt inn til å laga film med utgangspunkt i Båtbyggjarmusèet og med bakgrunn i at me ynskte å få dokumentert kunnskapen medan me framleis har folk som har vore med i dette tradisjonsrike handverket. Heldigvis ville Sverre Haugen vera med på prosjektet, og Trond Vikane hadde masse gode bilete som kunne nyttast. I samarbeid med bygdalaget søkte me om midlar til prosjektet frå «innfallsportar Folgefonna Nasjonalpark» og frå Sparebankstiftinga. Me fekk lovnad på 40 000,- frå kvar av desse. Det dekkjer utgiftene til sjølve filmen. Merethe budde gratis hos Hardanger Rom & Harmonium under filmprosjektet. Filmen varer om lag 15 minutt og skal ha plass på den same skjermen som bileta frå stølsmiljø. Me er glade for at me på denne måten får ei utviding av utstillinga, og at dette kan vera med å få fleire folk innom.

**Møter gjennom året:** Me har ikkje hatt faste møter gjennom året anna enn eit i februar/ mars for å få utsetjing på dokumentasjon til næringsfondet ang. utgifter til eit prosjekt me søkte om i 2015. Me fekk utsetjing og må ordna dette før april 2018. Me hadde òg for oss samanslåingsspørsmålet og oppgåver for våren og sommaren mm. Elles har me ordna ting etter samsnacking og gamal rutine. Dette er sjølv sagt ikkje godt nok, men sånn har det vore dette året.

**Tankar om landskapsparkgruppa si framtid:** Sist årsmøte kom me med oppmoding om at alle som er interesserte i landskapspark og arbeidet her kan melda frå til ein av oss i gruppa. Dette skal vera ei

open gruppe for interesserte. Me gjentek denne oppmodinga i år, og for at fleire skal vita om det nemner me det i årsmøtet i tillegg til at det vil stå på [www.herand.no](http://www.herand.no) under landskapsparkgruppa.

Me tenkjer òg at ei gruppe for «kulturstiens venner» kunne vore kjekt. Då kunne ein fått litt meir jamleg vedlikehald og oppdatering av stien, og ein kunne hatt det sosialt i lag og fått i stand litt «happenings». Dersom nokon tenner på den idèen er det berre å ta kontakt med oss for koordinering!

### 3. Bruk av eigedomane til bygdelaget

Faste lagsbrukarar av *kulturhuset* er Herand Idrettslag, Herand Musikklag og Luren 4H. Laga betalar ikkje leige for ordinær lagsaktivitet. I tillegg til dette har kulturhuset vore brukt av lag og verksemdar til meir tilfeldige møte, og av private til andre samkomer. Vi ser at utleige til ymse samkomer har auka, og vi reknar med at det nye kjøkenet og matsalen er grunn til det. Tre privatpersonar/firma leiger rom i huset til lagerplass. LiBe Etisk mote, er ny leigetakar i dei tidligare barnehagelokala frå 1. juli. Ho driv netthandel og har lager/kontor.

Vi ser at det er viktig at huset både har ein romsleg gymsal med scene, matsal med kjøken, og andre møterom. Det gjer at huset er tenleg til fleire ulike formål, og fungerer som både felles daglegstove og bestestove for bygda.

I tillegg er *Meieriet* fast leigd ut til Kramsjø på langtidskontrakt og blir brukt som restaurant om sommaren. Bygdelaget ser dette som viktig for å «dra» gjester til bygda, saman med anlegget til Kramsjø og fasilitetane til Båtlaget. Kramsjø vart i 2017 lagt ut for sal, og bygdelaget som eigar av Meieriet er i dialog med Kramsjø rundt prosessen, og vidare utleige av Meieriet.

Det har ikkje vore drift i *Krambua* med sal på grunn av mangel på frivillige. Det har vore ope som museum for lag som har vore på besøk i bygda.

Bygdelaget er og andelseigar i *kloakkanlegget* på Høyneset.

Bygdelaget drifter *Herand Båtbyggjarmuseum* og disponerer naustet etter avtale med Herand Båtlag.

Herand Bygdelag eig *Herand Omsorgsbustader a/s*, desse har eige styre.

### 4. Økonomi

Vi viser til vedlagt oppsummering av rekneskap og balanse for 2017. Herand Bygdelag har totalt sett ein god økonomi med ein eigenkapital på om lag 768.000 kroner, i tillegg til nokre fond som er bundne til spesielle formål. Bygdelaget har oppretta ein Vippskonto for bruk under arrangement.

Herand, 18. mars 2018

Gunnar Dalseth  
Styreleiar

Kaia Gulbrandsen  
Skrivar

Una Eiken  
Nestleiar

Marta Samland  
Styremedlem

Lars Sævarhagen  
Styremedlem

Olav Bernt Strømsnes  
Styremedlem

Kenneth Vikane  
Styremedlem